



Fjordane Advokatkontor AS  
Postboks 645  
6804 FØRDE

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1977 - 17/23408

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammar

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

23.08.2017

## Landbrukssak Gbnr 126/11 Hope - Svar på søknad om konsesjon

Dert vert synt til søknad motteke 21.06.2017.

### Dokument i saka :

- Søknad om konsesjon
- Kjøpekontrakt

### Saka gjeld :

Tina Solberg Pedersen og Kjetil Kaldefoss søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen gbnr 126/11 Hope i Lindås kommune. Saka skal handsamaste etter konsesjonslova.

Kjøpesummen er kr 3.650.000,-

### Eigedomen gbnr 126/11 Hope :

Ifølgje Nibio sitt gardskart er totalarealet 256,9 dekar. Av dette er 9,3 dekar full- og overflatedyrka jord. Det er 24,9 dekar innmarksbeite , 16,4 dekar produktivb skog, 30,1 dekar myrjord, 39,9 dekar jorddekt fastmark, 132,5 dekar skrinn fastmark og 3,8 dekar bygg/tun. Vidare har garden part i sameige i eit naustområde på 1,4 dekar.

Det er ein einebustad på 162 m2 grunnflate, garasje med 35 m2 grunnflate, uthus med 30 m2 grunnflate og ein eldre driftsbygning med 110 m2 grunnflate.

Kart over eigedomen :

---

#### Post


postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733





### Søkjarane :

Paret Kjetil Kaldefoss og Tina Solberg Pedersen ynskjer å sette istand løa og starta med sauehald. Det kan også verte aktuelt med hest. Solberg Pedersen har lang erfaring med hest og såleis god erfaring med dyrehold. Kaldefoss har praktisk erfaring med maskiner og reiskapar, mellom anna ved snøbrøyting for Lindås kommune. Søkjarane er såleis kvalifisert for den gardsdrift som er aktuell den dette gardsbruket.

Søkjarane ynskjer å busetta seg på eigedomen

### Vurdering :

Dette er ein landbrukseigedom og saka skal såleis vurderast både etter § 1,9 og 9a i konsesjonslova.

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftssinteresser og omsynet til busetting.

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av landbrukseigedom skal det leggjast særlig vekt på:

- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området

- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva egedomen
- om kjøpar ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet
- om den avtalte prisen er i tråd med ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,

### Busetting

Søklarane ynskjer å busetta seg på egedomen og oppfyller såleis foremålet om styrka/oppretthalde busettinga på Hope.

### Driftsmessig løysing

Det er truleg nokon som tapar tilleggsjord på Hope når dei nye brukarane startar opp med sauehald på garden. På ei anna side er det veldig positivt at bygningar og tun vert sett i stad. Med sauehald på garden vil utmarka i større grad verta beita og eventuelt rydda for kratt. Noreg har store ambisjonar om auka matvareproduksjon framover og dettevil vere eit bidrag til det.

### Kunnskap

Ein vert aldri utlært innan gardsdrift. Det er alltid noko nytt å læra. Det er eit særst godt fagleg sauemiljø i Nordhordland. Det er viktig å knytta kontakter der og hausta av andre sine erfaringar når ein er fersk sauehaldar.

### Ressursforvaltning og kulturlandskap

At det kjem nye folk til garden, med planar og pågangsmot, vil gje ei god ressursutnytting og eit velstelt kulturlandskap.

### Prisvurdering

Då egedomen har mindre enn 35 dekar full- og overflatedyrka jord skal den ikkje prisvurderast jfr konsesjonslova §9a.

### **Konklusjon :**

Tina Solberg Pedersen og Kjetil Kaldefoss får konsesjon for kjøp av landbruksegedomen gbnr 126/11 Hope i Lindås kommune.

### **Vedtak :**

**Lindås kommune gjev Tina Solberg Pedersen og Kjetil Kaldefoss konsesjon for kjøp av gbnr 126/11 Hope. Kjøpesummen er kr 3.650.000. Vedtaket har heimel i §§§1,9 og 9a i Konsesjonslova.**

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagst innan 3 veker jfr Forvaltningslova.

Gebyr : Det vert sendt ut faktura på kr 2000 til Fjordane Advokatkontor AS.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kjetil Kaldefoss  
Vegar Lund

**Mottakarar:**

Fjordane Advokatkontor AS

Postboks 645

6804

FØRDE